

ARSMELDING FOTBALLGRUPPA 1986

Fotballgruppa sitt styre har i 1986 vore slik:

| | |
|-----------------|--------------------|
| Formann: | Egil Trandal |
| Sekretær: | Eirik Natvik |
| Kasserar: | Terje Lillås |
| Oppmann A-lag: | Edmund Kristiansen |
| Formann Yngres: | Snorre Skogen |
| Styremedlem: | Helge Myklebust |

Fotballgruppa har i sesongen 85/86 halde 13 styremøter og handsama 96 saker. I tillegg har vi halde møter med dei ulike lag i gruppa, og yngres avdeling har og halde sine egne styremøter etter at vi fekk organisert denne delen av gruppa.

1. ØKONOMI

Trass i bruttoinntekter på ca 1/2 million kroner har vi også i år hatt ein stram økonomi som har gjeve lite rom for utglidingar. Gruppa har framleis gammal gjeld å betale på, og vi satsar også neste år på å få ein avtale med Sparebanken for å dekke det lånet vi har her.

Elles har vi ein del utestående krav, hovudsakleg frå Volda-festivalen og programheftet for 85/86. Vi er sjølsagt glad for dei støtta vi får gjennom næringslivet i bygda, men det er først når forpliktelsane er innfridd at vi får nytte av denne støtta.

Vi har pr. 31.10. kr.36.370,- som utestående krav og e. kreditorgjeld på kr.76.771,-.

Resultatrekneskapet viser brutto inntekter på kr.456.530,-. Med frådrag for drifts- og finanskostnader kjem vi fram til eit årsresultat på kr. 3.140,- i underskot.

ORGANISASJON

Vi har i løpet av sesongen fått organisert yngres avdeling med eit eige styre, der formannen er representert i gruppa sitt hovudstyre. Med den store aktivitet som vi har i gruppa, har denne omorganiseringa hatt mykje å seie for arbeidet som må gjerast gjennom ein travel sesong, og eg vil nytte høvet til å takke styret i yngres for ein svært god innsats gjennom året, eit arbeid som har avlasta hovudstyret for mykje arbeid.

Ser vi framover, er det klart at det framleis kan gjerast og må gjerast endringar for å få vår organisasjon til å fungere endå betre. Meir og meir kjem det fram at det å drive ein organisasjon av fotballgruppas storleik, krev stadig meir profesjonell tenking, ikkje minst organisasjonsmessig.

SPORTSLEGE RESULTAT

Aller først må vi få gje våre gratulasjonar til vårt herre A-lag som med ei pangavslutning sørga for at vi klarte målet vårt i år

nemleg opprykk til 4.divisjon. Vi vonar dette er starten på ein ytterlegare framgang for Volda-fotballen i åra som kjem. 3.divisjon på Volda Stadion bør ikkje lenger vere ein fjern tanke. For å nå dette målet er det viktig at det framleis vert arbeidd godt på alle nivå i gruppa, ikkje minst gjeld dette at det vert lagt til rette for ei god rekruttering. At vi no har fått eit førstelag herrar i 4.divisjon trur vi har mykje å seie for motivasjon og interesse.

Vi vil elles gratulere juniorlaget med fin innsats og opprykk til 1.divisjon. Dette lovar også bra med tanke på rekruttering til A-laget.

Damelaget vårt har hatt nok ein fin sesong, sjølv om det også i år mangla litt på å gå heilt til topps. Vi har i løpet av sesongen også kome i gong med småjentefotball, noko som er av avgjerande betydning for den framtidige rekrutteringa til damefotballen.

Vi viser elles til årsmeldingar for det enkelte lag i gruppa.

Styret vil tilslutt takke alle som har vore med, på alle plan i gruppa, og gjort sitt til at eit stort tal born og ungdomar av begge kjønn har hatt eit positivt fritidstilbod gjennom fotballen.

Lat oss vone at vi neste år også ser konturane av eit nytt klubbhus. Eit nytt klubbhus vil bety enormt for miljøet i laget, og ein vesentleg faktor for ny framgang sportsleg.

Takk for sesongen 1986, og velkomen til ny innsats for Volda-fotballen 1987.

Oktober 1986

Styret i fotballgruppa 1986

Egil Trandal
formann

Eirik Natvik
sekretær

Snorre Skogen
form.yngr.

Edmund Kristiansen
A-oppm.

Terje Lillås
kasserar

Helge Myklebust
styremedlem